

## TIL FØRESETTE I SKULE OG SFO

*Helsedirektoratet har vedteke å stengja alle barnehagar, skular og SFO frå og med 13.mars til 26.mars 2020. Vedtaket kan bli forlenga.*

*Kommunane har ei plikt til å gi eit omsorgstilbod som gjer at føresette til barn av helsepersonell og andre i kritiske samfunnsfunksjonar kan gå på jobb.*

*For barn med særskilte omsorgsbehov som ikkje kan bli ivareteke når skule og SFO er stengt, vil kommunen gjera individuelle vurderingar for å ivareta dei aktuelle barn og familiar.*

For å få oversikt over kven som kan ha rett til eit omsorgstilbod for sine barn/unge, ber me om at aktuelle føresette fyller ut vedlagte skjema så snart som mogleg. Me ber også om at klokkeslett frå – til dei ulike dagane blir oppgitt i fritekstfelt under avkryssing for dagar.

### Organisering av omsorgstilbodet:

- Elevar ved Austarheim skule får tilbod ved denne skulen.
- Elevar ved Sauda ungdomsskule vil få tilbod ved denne skulen.
- Elevar ved Fløgstad skule vil få tilbod på Risvoll skule, saman med elevar frå denne skulen. Det vil gå drosje frå Fløgstad skule klokka 08.15.
- Har de spørsmål om tilbodet, kontakt rektor ved nærskulen, «den vanlege skulen.»
- Bruk **mobiltelefonnummeret** for å få kontakt med rektor. De finn dette på [heimesida](#) til Sauda kommune.

### Organisering av undervisningstilbodet:

Situasjonen me er i gjer at elevane får undervisning heime, framfor på skulen. Elevane har ein rett til eit opplæringstilbod, og også ei plikt til opplæring. Dette er ikkje fridagar for elevane, dei skal arbeida med skuleoppdrag på dagtid. Sjukdom blir meldt som vanleg.

### Rammer for undervisningsarbeidet:

- Kvar skule organiserer læringsopplegg gjennom Showbie.
- Det skal vera kontakt mellom elev – lærar i løpet av skuledagen.
- Skuledagen startar klokka 08.30.
- Lærarane skal vera digitalt tilgjengeleg kvar dag.
- Bruk Visma Skole appen til personsensitiv informasjon. Dette skal ikkje formidlast via Showbie, sms, e-post, Messenger e.l.

Oppmoding:

- Me ber om at alle følger råd frå nasjonale og lokale mynde, og held seg oppdatert på informasjon som blir lagt ut på [nettsider](#).
- Me ber også om at de set grenser for uorganiserte aktivitetar/sosiale treff der mange barn/ungdom er samla, som f.eks bursdagsselskap, filmkveldar, ballbingar/fotballstadion m.m.
- Einsemd kan bli ei utfordring i denne perioden. Les [gode råd](#) frå psykolog Peder Kjøs.

Sauda kommune 13.03.20

Jakob Svandal

Kommunalsjef barnehage, skule og intro